



Pål Kårbø
Floghaugane 34 B
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1380 - 19/19463

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:
30.09.2019

Avslag - GBNR 22/253 - Søknad om fritak frå/reduisert gebyr - Mjåtveit

Administrativt vedtak, saksnr: 220/2019.

Vi viser til klage på byggesaksgebyr journalført motteke 05.09.2019.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Tiltakshavar Pål Kårbø søkte den 17.06.2019 om løyve til oppføring av hagestove på gbnr. 22/253, Meland kommune. Den 18.06.2019 mottok kommunen søknad om dispensasjon, der det vart søkt både om:

- 1) Dispensasjon frå bygging i grøntbelte (arealformålet)
- 2) Dispensasjon vedr. utnyttingsgrad dersom naudsynt

Ved administrativt vedtak datert 21.08.2019 i sak 152/2019, vart søknad om dispensasjon frå arealformålet vegetasjonsskjerm avslått.

Det følgjer av gebyrregulativet for Meland kommune pkt. 4.1 fjerde ledd at: «*Det skal betalast fullt gebyr sjølv om det vert gjeve avslag på søknad*». Faktura for kommunen si behandling av søknad om dispensasjon ble dermed sendt til tiltakshavar. Fakturavedlegget hadde følgjande innhald, med referanse til gjeldande gebyrregulativ i Meland kommune (lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste):

Sakstype: Dispensasjon arealformål, jf pbl § 20-1
Saksnr: 19/1380, DS 152/2019
Gebyrtype: Gebyrreg (2019) pkt. 9.1.2 kr 11 600,-

Samla gebyr kr 11 600,-

Gebyra er friteke meirverdiavgift.
Gebyret skal betalast til Meland kommune, økonomikontoret, i samsvar med vedlagte faktura.

Plan, utbygging og kommunalteknikk dato: 22.08.2019

VURDERING:

Kommunen sitt gebyrregulativ har heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gjeld som forskrift. Det kan ikkje klagast særskild over ein forskrift, jf. forvaltningslova § 28. Forvaltningslova § 40 seier at ein forskrift ikkje kan «fravikes av et forvaltningsorgan, med mindre forskriften eller vedkommende hjemmelslov gir adgang til det».

Kommunen har vurdert dykkar skriv som ein søknad om redusert gebyr i medhald av gebyrregulativet pkt. 4.12. Dette på bakgrunn av omstende rundt saka og fordi tiltakshavar avsluttar sitt brev med «Eg er likevel innstilt på å betala gebyr etter gebyrregulativ 9.1.3 eller 9.1.5».

Det følgjer av pkt. 4.12 at det kan søkjast om redusert gebyr «når særlege grunnar ligg føre».

I klaga blir det vist til at tiltakshavar ble fortalt at dispensasjonsgebyret ville bli kr 5-6000,- og ikkje kr 11 600,- som fakturert.

Når det blir gitt rettleiing i forkant av innsending av søknad, er dette berre ei førebels vurdering av saka. Kommunen vil først kunne vurdere søknaden, med påfølgjande utsending av faktura, når søknad er mottatt, samt at all naudsynt dokumentasjon føreligg.

Gebyret for dispensasjon frå utnyttingsgrad ligg på kr 6 800,-, jf. pkt. 9.1.5 i regulativet, som informert i forkant. Når det her viser seg at tiltaket krev dispensasjon frå grøntbelte, som omsøkt, må kommunen legge til grunn gebyr i samsvar med satsane for dispensasjon frå grøntbelte (arealformålet), jf. pkt. 9.1.2 i regulativet. Kommunen si praksis er at det ikkje blir kravd gebyr for to dispensasjonar, men berre for den med høgast sats.

Kommunen viser òg til at gebyrregulativet ligg tilgjengeleg for alle på kommunen si nettside, og einkvar har høve til å sjekke dette.

Vidare viser tiltakshavar til sjølvkostprinsippet og at ein bør kunne skilje mellom gebyret på mindre tiltak, som her, og til dømes ei større endring i ein arealplan. Kommunen har plikt til å følgje gebyrregulativet med

omsyn til kva for teneste som er gebyrlagt og storleiken på gebyret. Gebyrsatsen for dispensasjon frå arealformålet er kr 11 600,-, jf. gebyrregulativet pkt. 9.1.2. Denne satsen gjeld uansett storleik på sjølve tiltaket det er søkt om. Det er sjølve gebyret for dispensasjonar som er regulert i gebyrregulativet Kap 9. Oppføring av hagestove er friteke frå søknadsplikt, det er difor berre fakturert for omsøkt dispensasjon.

Til slutt påpeiker tiltakshavar at det er urimeleg at han skal betale gebyr for å retta opp ein feil han meiner Meland kommune gjorde då kommunen godkjente reguleringsplanen som eigedomen er omfatta av. Kommunen er ikkje samd med tiltakshavar, og finn det ikkje urimeleg å krevje gebyr i dette tilfellet. Til dette viser kommunen til delingsløyvet datert 17.09.2015, sak 15/2099, der det i løyvet ble sett følgjande vilkår:

«Det kan ikkje gjerast tiltak innanfor areal avsett til vegetasjonsskjerm i strid med dette arealføremålet».

Då tiltakshavar året etter søkte om løyve til oppføring av einebustad, ble det igjen i løyvet datert 07.09.2016, sak 15/3221, presisert at det ikkje skulle gjerast tiltak innanfor areal sett av til vegetasjonsskjerm. I løyvet ble det òg helt konkret sagt at det ikkje skulle oppførast bygg innanfor dette arealet. Tiltakshavar har såleis, heilt frå før oppføring av einebustaden, vore klar over at det ikkje skal oppførast bygning i vegetasjonsskjermen.

Når tiltakshavar likevel vel å søke om dispensasjon for å byggje i vegetasjonsskjermen, er risikoen på han si side. Han kan ikkje rekna med å bli friteken frå gebyr i denne saka kun fordi han meiner det ble gjort ein feil fleire år før eigedomen hans ble oppretta og bustaden hans bygd når det heile tida frå kommunen si side har blitt sagt at det ikkje skal byggjast i vegetasjonsskjermen.

På bakgrunn av ovannemnte finn administrasjonen at det ikkje ligg føre «særlege grunnar» som tilseier at gebyret for byggjesakshandsaminga kan setjast ned, jf. gebyrregulativet pkt. 4.12. Vilkåret for gebyrreduksjon er såleis ikkje oppfylt.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev avslag på søknad om redusert gebyr då vilkåra for dette ikkje er oppfylt, jf. pkt. 4.12 i gebyrregulativet for 2019».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.